



AURLAND KOMMUNE

Rådmannen

Aurland, 15.03.2021

Sogn Regionråd
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Vår ref.
2020000487-7

Dykkar ref.

Sakshandsamar
Norunn Haugen,
47674567

Arkiv
K1-130, K3-&13

Uttale til Regionalplan for Sogn regionråd 2021-2024

Formannskapet 12.03.21 har vedteke slik uttale i sak- 019/21:

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

Ny setning under A. Vidaregåande opplæring side 12:

«Ein må sikre at alle får fullføre utdanninga si ved å ha VGS 3 for dei som ikkje får læreplass»

Samrøystes

Med helsing

Norunn Haugen
Leiar for forvaltning og utvikling



Luster kommune

Næring

08.03.2021

Sogn regionråd

Postboks 153

6851 SOGNDAL

Arkivsak: 20/1689-7

Løpenr.: 21/4432

Sakshandsamar:

Olav Grov

Melding om politisk behandling - Regionalplan for Sogn 2021 - 2024. Høyring

Me viser til dykkar oversending av saka og møte med kommunestyret den 4.3.21.

Det vert med dette gjeve melding om at Kommunestyret har gjort slikt vedtak i møte den 04.03.2021, sak 3/21:

«Luster kommune meiner satsingsområda i planen er gode.

Planen skapar eit godt grunnlag for eit styrka regionalt samarbeid, og gjev eit godt kunnskaps- og avgjerdsgrunnlag for vidare arbeid.

Planen har god samanheng med viktige område i Luster kommune sitt utviklingsarbeid, og innhaldet i planen er relevant i samband med kommuneplanprosessen som kommunen har starta opp no.

Det er vesentleg at satsingsområda i planen vert følgde opp med reell vilje og ressursar til gjennomføring.

Arbeidet til Sogn Regionråd og rolla til Sogn Regionråd må forankrast i dei ulike kommunane, td ved at formannskapa/kommunestyret møtast fast , 1 gong per halvår, og at ein forpliktar seg meir til Sogn Regionråd sitt arbeid.»

Med helsing

Anita Bjørk Ruud
Politisk sekretariat

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur.

POSTADRESSE:

Luster kommune
Postboks 77
6866 Gaupne

TELEFON:

Sentralbord:
57 68 55 00

E-POST ADRESSE:

postmottak@luster.kommune.no

ORGANISASJONSNR.

964 968 241

Bankgiro:

3785.07.00142

Saksprotokoll

Organ: Kommunestyret

Møtedato: 18.02.2021

Arkivsaksnr.: 20/4702-8

Saksnr.: 19/21

Saksprotokoll - Regionalplan for Sogn regionråd 2021-2024 - høyringsinnspel frå Sogndal kommune

Handsaming:

Frå formannskapet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Sogndal kommune stiller seg bak dei fire hovudsatsingane og ti satsingsområda i planen.
2. Planen skapar eit godt grunnlag for eit styrka regionalt samarbeid i ei viktig tid, og gjev eit godt kunnskaps- og avgjerdsgrunnlag for vidare arbeid. Planen har god samanheng og forankring med Sogndal kommune sine overordna styringsdokument.
3. Det er kritisk viktig at satsingsområda vert følgt opp med praktisk handling og tydeleg prioritering i dei årlege handlingsplanane.

Endringsframlegg:

Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti sette fram slikt framlegg som tillegg i punkt 1:

Sogndal kommune stiller seg bak dei fire hovudsatsingane og ti satsingsområda i planen, og har i tillegg desse innspela til planen:

- Attraktiv buregion er ikkje berre eit spørsmål om omdømme, men og om kor tilgjengelege arbeidsplassar og andre tilbod er for folk i heile regionen. Betre infrastruktur for transport og betre samferdsletilbod er ein viktig del av attraktiviteten
- Ser ikkje sambandet mellom å ha ei høgskuleutdanningar med god kvalitet og å ha aktive forskingsmiljø. Forsking må løftast og bli ein del av avsnittet «høgare utdanning og forskning». Må understrekast at eit levande campus er ein føresetnad for miljøbygging. Vi står overfor ein kritisk situasjon der framtida lett kan bli tilreisande førelesarar frå Bergen og andre storbyar.
- Treng konkrete utviklingsprosjekt for å finne dei mest aktuelle områda for grøn næringsutvikling og smart spesialisering. Kvar går vegen vidare her? Det er ikkje tydeleg i planen utover at viljen er god

- Offentlege arbeidsplassar: Planen må skilje mellom lokalisering av spesialiserte/overordna statlege arbeidsplassar og den desentraliseringa og nærleiksreforma som vi ønskjer å ha. Ei nærleiksreform for offentlege tenester bør nemnast i avsnittet om offentlege arbeidsplassar
- Kvar er det blitt av den digitale infrastrukturen?
- Første delmål infrastruktur: God infrastruktur for reiser både inn og ut av regionen

Avrøysting:

Framlegget frå Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti vart samrøystes vedteke. Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande vedtak:

1. Sogndal kommune stiller seg bak dei fire hovudsatsingane og ti satsingsområda i planen, og har i tillegg desse innspela til planen:
 - Attraktiv buregion er ikkje berre eit spørsmål om omdømme, men og om kor tilgjengelege arbeidsplassar og andre tilbod er for folk i heile regionen. Betre infrastruktur for transport og betre samferdsletilbod er ein viktig del av attraktiviteten
 - Ser ikkje sambandet mellom å ha ei høgskuleutdanningar med god kvalitet og å ha aktive forskingsmiljø. Forsking må løftast og bli ein del av avsnittet «høgare utdanning og forskning». Må understrekast at eit levande campus er ein føresetnad for miljøbygging. Vi står overfor ein kritisk situasjon der framtida lett kan bli tilreisande førelesarar frå Bergen og andre storbyar.
 - Treng konkrete utviklingsprosjekt for å finne dei mest aktuelle områda for grøn næringsutvikling og smart spesialisering. Kvar går vegen vidare her? Det er ikkje tydeleg i planen utover at viljen er god
 - Offentlege arbeidsplassar: Planen må skilje mellom lokalisering av spesialiserte/overordna statlege arbeidsplassar og den desentraliseringa og nærleiksreforma som vi ønskjer å ha. Ei nærleiksreform for offentlege tenester bør nemnast i avsnittet om offentlege arbeidsplassar
 - Kvar er det blitt av den digitale infrastrukturen?
 - Første delmål infrastruktur: God infrastruktur for reiser både inn og ut av regionen
2. Planen skapar eit godt grunnlag for eit styrka regionalt samarbeid i ei viktig tid, og gjev eit godt kunnskaps- og avgjerdsgrunnlag for vidare arbeid. Planen har god samanheng og forankring med Sogndal kommune sine overordna styringsdokument.
3. Det er kritisk viktig at satsingsområda vert følgt opp med praktisk handling og tydeleg prioritering i dei årlege handlingsplanane.



Sogndal
kommune

Sogn Regionråd
Postboks 153

6851 SOGNDAL

Dato	Saksbehandler	Vår ref.	Deres ref.
12.02.2021	Wenche Hauglum	20/688 - 5	

MELDING OM VEDTAK

Høyring - Regionalplan for Sogn regionråd 2021-2024

Kommunestyret - 009/21:

Det er gjort fylgjande vedtak i saka:

Vik kommune synes det er gjort eit godt og grundig arbeid i samband med oppdatert regionalplan for Sogn regionråd for 2021-2024. Ingen øvrige innspel til høyringa. Samrøystes.

Med helsing

Øistein Edmund Søvik
Rådmann

Wenche Hauglum
Politisk sekretær

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
015/21	Formannskapet	28.01.2021
009/21	Kommunestyret	11.02.2021

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Øistein Edmund Søvik	K1-130	20/688

Høyring - Regionalplan for Sogn regionråd 2021-2024

Rådmannen si tilråding

Vik kommune synes det er gjort eit godt og grundig arbeid i samband med oppdatert regionalplan for Sogn regionråd for 2021-2024. Ingen øvrige innspel til høyringa.

Formannskapet - 015/21

FS - vedtak:

Vik kommune synes det er gjort eit godt og grundig arbeid i samband med oppdatert regionalplan for Sogn regionråd for 2021-2024. Ingen øvrige innspel til høyringa. Samrøystes.

Kommunestyret - 009/21

KS - vedtak:

Vik kommune synes det er gjort eit godt og grundig arbeid i samband med oppdatert regionalplan for Sogn regionråd for 2021-2024. Ingen øvrige innspel til høyringa. Samrøystes.

Vedlegg	Tittel	DokID
Dokument dato		
21.12.2020	Høyring - regionalplan for Sogn 2021-2024	215171



21.12.2020	Regionalplan 2021-2024 - høyringsframlegg	215173
------------	---	--------

Kort samandrag

Sogn regionråd vedtok i møtet 11. desember 2020 å senda regionalplan for Sogn på høyring.

Regionalplanen er eit styringsdokument for regionrådet sitt arbeid dei neste fire åra. Planen har fokus på det regionale perspektivet og felles satsingar, og inneheld dei viktigaste områda som kommunane vil samarbeida om og løysa i lag.

Det overordna målet er at vi skal vera ein pådrivar for å gjera Sogn attraktiv for innbyggjarar, næringsliv og besøkande. Planen inneheld fire tema: Attraktiv buregion, kompetanse, næringsutvikling og samferdsle. Rådet foreslår å prioritera og spissa arbeidet i ti satsingsområde.

Høyringsfristen er 15. mars 2021.

Formannskapet hadde saka oppe til drøfting i sak 067/20 (11.6.20) og i sak 077/20 (20.8.20) for å førebu innspel i ein tidleg fase av planarbeidet. Formannskapet deltok også i felles formannskapsmøte i Sogndal 4.9.20, som var ein innspelssamling. Ordførar og rådmann er også intervjuva i samband med prosessen kobla til samordning med kommunale planer.

Om Sogn regionråd

Sogn regionråd har over fleire år utvikla ein plan for det regionale samarbeidet. Regionalplanen for Sogn inneheld mål, strategiar og felles satsingsområde som kommunane vil samarbeide om dei neste fire åra.

Regionrådet er eit samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Samarbeidet er organisert etter § 271 i kommunelova. Styret er samansett av ordførarane i eigarkommunane.

Føremålet med Sogn regionråd er å vere ein felles arena med fokus på å sikra og vidareutvikle rammevilkåra for busetnad og næringsliv i regionen. Rådet skal også fungere som base for definerte prosjekt og vidare ha som mål å samordne og forenkle oppgåver for eigarane.

Rådet er ein felles utviklingsaktør for dei sju kommunane og skal vera ein aktiv pådrivar for



å få gjennomslag hos styresmakter i saker som er særleg viktig for regionen.

Om regionalplanen

Regionalplanen er eit styringsdokument for regionrådet sitt arbeid til 2024 og eit verktøy for rådet sitt arbeid med å utvikla regionen. Det bør vera ein samanheng mellom regionrådet sin plan og kommunane sine planar (som samfunnsdel av kommuneplan og næringsplan). I planprosessen har samanhengen vore drøfta og planane har vore grunnlag for å vurdera kva satsingar som bør prioriterast i regionalplanen.

Samfunnsdelen av kommuneplan og næringsplanar varierer med omsyn til mål og strategiar. Kommunane har også eit ansvar for å skapa ein samanheng mellom regionalplanen og eigne planar.

Telemarksforskning har utarbeidd ein regional analyse for Sogn. Analysen inneheld deira attraktivitetsmodell, scenario og næringslivsindeks. Kunnskapen som analysen gir, har vi teke med i arbeidet med denne planen.

Regionalplanen har fram til 2020 vore grunnlag for ein partnerskap med fylkeskommunen om gjennomføring og finansiering av regionale utviklingsprosjekt. Regionråda i Vestland ønskjer å medverka aktivt med å sikre samfunnsutvikling på Vestlandet gjennom tett samarbeid med fylkeskommunen og andre regionale aktørar. Vestland fylkeskommune vil vurdera nye partnerskapsavtaler med regionråda i løpet av 2021.





Sogn regionråd
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr	Arkiv	Dato:
20/136-8		Laila Irene Røneid	95277145	K1-130, K3-&85	15.03.2021

Regionalplan for Sogn 2021-2024 - tilbakemelding på høyring

Formannskapet har hatt regionalplanen til handsaming i møte 11. mars 2020.

Kommunestyret i Årdal har vedteke tre delprosjekt som satsingsområde for kommunen; #Årdal – meir enn du trur!, Miljøkommunen Årdal og Attraktive bustader i Årdal. I tillegg er det hausten 2020 sett i gang eit eige prosjekt for å få «fleire statlege arbeidsplassar til Årdal».

Dei kommunale prosjekta har samla sett fokus på omdømme, rekruttering, miljøsatsing, rett type bustad til rett person og utvikling av eit berekraftig samfunn. I tillegg arbeider Årdal utvikling med prosjekt innan teknologi, kompetanse, utvikling og reiseliv. Arbeid med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel er starta opp og skal etter planen vere ferdig i 2021. Alle desse satsingsområda er naturleg innhald i plandokumenta.

Faktagrunnlaget i Regionalplanen er godt og dei fire temaområda er på linje med kommunen sine fokusområde. Det er likevel viktig å peike på at planen og satsingsområda må ha fokus på utvikling i heile regionen.

Årdal kommune meiner høyringsdokumentet til regionalplanen for Sogn 2021-2024 er godt utgangspunkt for vidare arbeid i perioden.

Med helsing
Laila Irene Røneid
Adm.konsulent

Sogn Regionråd

Postboks 153

6851 SOGNDAL

Dykkar ref.:
20/1632-16

Vår ref.:
20/10783-4

Dato:
12.03.21

Høyringsfråsegn frå HVL til Regionalplan for Sogn 2021-2024

Høgskulen på Vestlandet (HVL) takkar for tilsendt høyring. Me set pris på å få ein tydeleg plass i planen, og oppmodar om at de i omtalen av oss får fram at HVL har ein klar ambisjon om å verta eit profesjons- og arbeidslivsretta universitet. Ei viktig grunngeving for denne ambisjonen er at HVL då kan spela ei endå sterkare rolle i utviklinga av regionane.

HVL kan stilla seg bak både visjonen «Saman gjer vi Sogn til ein attraktiv og livskraftig region» og målet «Vi skal vera ein pådrivar for å gjera Sogn attraktiv for innbyggjarar, næringsliv og besøkande». Pilarane berekraft og samarbeid er òg svært lett å kopla med HVL sin strategi.

Eit generelt innspel til planen er at det ikkje kjem klårt fram at ein har ambisjonar om vekst i regionen. HVL meiner at denne planen kan signalisera ein slik ambisjon, særleg når utviklinga viser at det kan vera realistisk.

Innspel til utvalde kapittel:

Attraktiv buregion

Rekruttering av tilsette og studentar er avgjerande for høgskulen. Kan ein gjera regionen, og spesielt Sogndal, endå meir attraktiv for studentar og tilsette? Særleg viktige område er å styrka kulturtilbodet (utanom idrett) og betra mogelegheitene for å komma inn på bustadmarknaden for fyrstegongsetablerarar.

Det kjem kvart år rundt 1000 nye studentar til Sogndal. God tilrettelegging for studentane under studietida, og fleire koplingspunkt mellom studentane og regionen, er viktige grunnlag for å få dei til å bli verande etter studietida.

Det å skapa ein attraktiv buregion kan ein og sjå i lys av den aktuelle debatten om dei molegheitene tilgang på digitale løysingar gir for distribuerte/utflytta arbeidsplassar.

Kompetanse

Høgskulen leverer ferdige kandidatar til verksemdene i regionen, og dette er omtalt i kapittelet. Men studentar under utdanning utgjer òg ein ressurs som regionen kan nytta seg betre av. Høgskulen legg stor vekt på arbeidsrelevans i utdanningane, og ynskjer å styrka samspelet med arbeidslivet omkring oss for å bli endå betre. Tilrettelegging av praksisplassar for studentar er ei kjend problemstilling innan lærarutdanningane og helse- og velferdsutdanningane, men høgskulen innfører etter kvart praksis i fleire utdanningar der det ikkje er obligatorisk. Dette gjeld både på bachelor- og masternivå. Då er ein avhengig av at offentlege og private

Postadresse
Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen
post@hvl.no

Telefon
+47 55585800
Internett
www.hvl.no
Org.nr. 917 641 404

Fakturaadresse
Høgskulen på Vestlandet
Fakturamottak
Postboks 363 Alnabru
0164 Oslo

Avdeling
AKS - Avdeling for
kommunikasjon
og
samfunnskontakt

Saksbehandlar
Tone Skjerdal
Telefon: +4795297729

verksemdar i regionen stiller med praksisplassar for korte eller litt lengre periodar. Dette medfører ekstraarbeid for verksemdene, men kan samstundes gje gode bidrag ved at studentane tilfører meir kapasitet, annan kompetanse og nye innfallsvinklar. Og dette kan vera ei god investering med tanke på rekruttering av ferdige kandidatar, både ved at det då finst potensielle kandidatar som verksemda kjenner, og at praksisen har ført til at kompetansen til kandidatane treffer behovet i verksemda betre. I studium der det ikkje er praksis, kan td. studentoppgåver i verksemdene gje bidrag til arbeidsrelevans. Dette kan ha dei same effektane som praksis. Hovudpoenget er at det er gjensidig nytte i at studentane kjem tettare på verksemdene, og at verksemdene får kunnskap om innhald i utdanninga ved HVL.

Tilrettelegging for sommar- og deltidsjobb for studentar kan vera ein annan måte å nytta den ressursen studentane utgjer, og samstundes styrka lokaltilknytninga hjå studentane.

Næringsutvikling

I kapitlet er det skriva om kompetanseutvikling og innovasjon, nettverk og møteplassar, og «kunnskapsmiljø» er nemt som ein av mange partar. Kanskje ein kan utnytta skaparkrafta hjå studentane endå meir, og sjå nærmare på moglegheiter for studentane i gründeraktivitetar? Høgskulen har òg eit relevante fagmiljø, til dømes innan regional utvikling og innovasjon som regionen kan nytta seg av i utviklings- og forskingsarbeid.

HVL ynskjer elles å vera ein medspelar for Sogn regionråd, og vil gjerne bli invitert med i nettverksarbeid som regionrådet står for.

Med helsing

Björg Kristin Selvik
Prorektor for Sogn og Fjordane

Tone Skjerdal
Seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskrivne signaturar.

Saksnr: 2020/79826-4
Saksbehandlar: Marianne Bugge

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		26.03.2021

Fråsegn til Regionalplan for Sogn 2021-2024

Forslag til vedtak

1. Det er positivt at kommunane i Sogn regionråd har utarbeida ein felles strategi med prioriterte tema og satsingsområde for arbeidet. For å unngå forveksling med regional plan etter plan- og bygningslova, vert det rådd til at namnet vert endra til strategi, eller plan for arbeidet til Sogn regionråd.
2. Fylkesutvalet merkar seg at berekraft er eit overordna perspektiv for arbeidet. Vi ber om at mål og satsingsområde i Utviklingsplan for Vestland vert omtalt i planen, og lagt til grunn for arbeidet.
3. Fylkesutvalet meiner det er positivt at det under satsingsområdet *Attraktiv buregion* er sett fokus på integrering og inkludering, gjennom prosjektet «Sogn for alle».
4. Planframlegget viser ei offensiv og utviklingsorientert tilnærming til satsingsområdet næringsutvikling. Det er vidare positivt at regionrådet har ei breitt fokus på utviklingsarbeid og samskaping, og at attraktivitet blir skapt ved at det offentlege, næringslivet, frivillige og innbyggjarar jobbar saman.
5. Fylkesutvalet meiner at planen i større grad bør omtale klimaomstilling innafor alle satsingsområda for å kunne lukkast med visjon «Saman gjer vi Sogn til ein attraktiv og livskraftig region». Planen bør omtale korleis de vil arbeide for å redusere utsleppa i regionen, i tillegg til satsing på ny teknologi. Vidare bør den omtale korleis klimaendringar kan påverke dei fire satsingsområda.
7. Ein føresetnad for god oppfølging av planen er at den vert implementert i kommunane sine planar. Korleis dette skal gjerast bør omtalast i planen.

Samandrag

Sogn Regionråd har sendt utkast til regionalplan på høyring. Regionalplanen er eit styringsdokument for regionrådet sitt arbeid dei neste fire åra. Det er positivt at dei 7 kommunane i regionrådet jobbar saman for å løysa felles utfordringar og oppgåver, og samarbeider om felles satsingar til beste for regionen. Dette er i tråd med FN sitt berekraftsmål nr. 17: samarbeid for å nå måla, som er grunnleggande for å oppnå berekraftsmåla. Det er fleire tema og satsingsområde som byggjer opp om FN sine berekraftsmål, mellom anna satsing på stadutvikling, inkludering/integrering og grøn omstilling av næringslivet. Vi saknar sterkare fokus på berekraftsmål knytt til klima og miljø. Vi saknar og referansar til mål og strategiar i Utviklingsplan for Vestland som er tufta på FN sine berekraftsmål, og styrande for utviklinga av Vestland i åra framover.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Paal Fosdal
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Regionalplan for Sogn regionråd er ikkje ein plan etter plan- og bygningslova, og må ikkje forvekslast med regional plan etter plan og bygningslova. Det kan vere føremålstenleg å vurdere eit anna namn på dokumentet for å unngå mistydingar. Regionalplan har fram til 2020 vore grunnlag for ein partnerskap med fylkeskommunen om gjennomføring og finansiering av regionale utviklingsprosjekt. Regionrådet ønskjer å medverka aktivt med å sikre samfunnsutvikling på Vestlandet gjennom tett samarbeid med fylkeskommunen og andre regionale aktørar. Planen har fokus på det regionale perspektivet og felles satsingar, og inneheld dei viktigaste områda som kommunane vil samarbeida om og løysa i lag. Sogn regionråd er eit samarbeid mellom 7 kommunar der målet er å vere pådrivar i utviklinga av regionen. Regionrådet sine planar og satsingsområde må sjåast i samanheng med kommunane sine planar.

Med grunnlag i utviklingstrekk for regionen, analysar, nasjonale og fylkeskommunale føringar, innspel frå fellesmøte, diskusjonar i kommunane og regionrådet er det prioritert fire tema for Sogn regionråd sitt arbeid. Under kvart tema er det satsingsområde.

Tema	Satsingsområde
Attraktiv buregion	<ul style="list-style-type: none"> • Integrering og Inkludering • Profilering og rekruttering • Stadutvikling
Kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> • Barnehage- og skuleutvikling • Fagkompetanse til verksemdene
Næringsutvikling	<ul style="list-style-type: none"> • Grøn næringsutvikling • Reiseliv • Teknologi og digitalisering • Offentlege arbeidsplassar
Samferdsle	<ul style="list-style-type: none"> • Infrastruktur i og ut av regionen

Utviklingsplan for Vestland (regional planstrategi)

Vestland fylkeskommune har vedteke regional planstrategi der FN sine berekraftsmål er konkretisert på regionalt nivå, og dette gir uttrykk for kva berekraftsmål det er særleg viktig at vi rettar innsatsen mot i Vestland dei komande åra. Samstundes er det viktig å påpeika at vi skal ha alle dei 17 berekraftsmåla med oss i utviklinga av Vestland fylke. Det er i utviklingsplanen utarbeidd 4 målsettingar med oppfølgjande strategiar for å sikre ei utvikling som er med på å føre oss mot ei miljømessig, sosial og økonomisk berekraft:

- Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg
 - 1.1 Vestland fylke skal medverke til å minimere skadeverknadane, både på kort og lang sikt, som følgje av pålagde tiltak knytt til handteringa av koronapandemien.
 - 1.2 Vestland skal medverke til at det vert skapt nye arbeidsplassar gjennom omstilling, grøn konkurransekraft og entreprenørskap.
 - 1.3 Vestland skal utvikle eit framtidsretta og inkluderande arbeids- og næringsliv basert på regionale fortrinn, forskning og innovasjon.
 - 1.4 Vestland fylke skal aktivt søke dei moglegeheitene som ligg i regionreforma, og også styrke det regionale folkestyret.
- Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
 - 2.1 Vestland skal vere ein pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030.

- 2.2 Vestland skal sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
- 2.3 Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp
- **Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv.**
 - 3.1 Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar.
 - 3.2 Bergen og dei regionale sentra skal utviklast til attraktive sentra, og fungere som ei drivkraft for utvikling i heile fylket.
 - 3.3 Vestland skal utvikle fysisk og digital infrastruktur som sikrar mobilitet og digitale tenester.
- **Mål 4 Like moglegheiter til å delta i verdiskaping**
 - 4.1 Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn.
 - 4.2 Vestland skal utvikle eit meir inkluderande og aldersvenleg samfunn som grunnlag for verdiskaping.
 - 4.3 Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring.

Det er fleire av temaa og satsingsområda i regionalplanen som er i tråd med og byggjer opp under måla og strategiane i utviklingsplanen. Vi vil særskilt trekkje fram mål 1, og strategiane 1,2 og 1,3, mål 3, og strategiane 3,1 og 3,3 og mål 4, og strategi 4,3.

FN sine berekraftsmål synleggjer at ein må sjå summen av tiltak i samanheng for å oppnå ei berekraftig utvikling. Fylkeskommunen meiner fokus på dette er avgjerande viktig. Måla i utviklingsplanen skal leggjast til grunn for kommunal planlegging. Vi ønskjer at rådet klargjer innhaldet, mål og satsingsområde klårare til utviklingsplanen og FN sine berekraftsmål. Dei tre berekraft dimensjonane miljømessig, sosial og økonomisk berekraft omfattar mål som i stor grad kan skapa synergieffektar på tvers av dimensjonane, men som og vil innehalda målkonflikatar. Det er viktig å vere bevisst på, og synleggjere potensielle målkonfliktområde og korleis ein skal handtere dette.

Medverknad og lokal forankring

Regionalplanen bør inkludera og utvikla metodar for brei og aktiv medverknad lokalt. Dette for å styrke krava til lokal tilpassing, lokaldemokrati, og involvering og mobilisering i kommunane. Ut over eit felles formannskapsmøte der tema og satsingsområde for regionalplan vart diskutert, er det noko uklårt korleis kommunane og lokalsamfunna har vore involvert i utforminga og prioriteringa av satsingsområde for samarbeidet. Det står i regionalplanen at «*Det bør vera ein samanheng mellom regionrådet sin plan og kommunane sine planar (som samfunnsdel av kommuneplan og næringsplan)*», og at kommunane bør sikra dette. Korleis dette skal sikrast bør omtalast nærare i regionalplanen for å sikre ei sameint forståing av dette.

Klima og miljø

Å stoppe klimaendringane (Berekraftsmål nr.13) vert avgjerande for å lykkast med miljømessig berekraft. Klimaomstilling omhandlar både tiltak for å redusere klimagassutslepp, klimatilpasse samfunnet og å stimulere til ei samfunnsendring. Samstundes skal kommunane legge til rette for effektiv energibruk og ivareta naturmangfaldet i kommunane. I utviklingsplanen til Vestland mål 2 er *klima og miljø sett som premiss for samfunnsutviklinga*, og knytt til målet er strategi om å ha nullutslepp innan 2030. Regionalplanen for Sogn viser til nasjonalt mål på 40 prosent reduksjon. For at Vestland fylke skal lukkast med nullutslepp innan 2030, må alle kommunar bidra til dette.

Fylkeskommunen meiner at planen i større grad bør ta føre seg korleis kommunane i Sogn regionråd skal arbeide for å klimaomstille samfunnet. Klimautfordringane er ein av dei største utfordringane vi står ovanfor, og vi har forplikta oss gjennom Paris-avtalen både til utsleppsreduksjon og klimatilpassing.

Regionalplanen bør ta inn over seg korleis klimaendringar kan påverke dei fire satsingsområda som er sett. Klimarisiko er her vesentleg. Nyleg blei det publisert ein rapport om [klimarisiko i kommunar](#) i Noreg. Klimarisiko inneber ofte utfordringar og trugslar, med det kan og gi nye moglegheiter. Å ha fokus på dette kan gi konkurransefortrinn ved at ein har auke tryggleik for arbeidsplassar og busetnad.

Under kapittelet «grøn næringsutvikling» er det skrive at ein skal ta i bruk ny teknologi for å auke lønsemd og redusere klimaavtrykk. Næringslivet må aktivt arbeide for å redusere sine utslepp, og ikkje støtte seg på ny teknologi aleine. Dette kapittelet tek òg føre seg temaet energi. All energiproduksjon belastar miljøet og naturmangfaldet. Arealbruksendringar er ein at dei største bidragsytarane til klimaendringar og tap av biologisk mangfald. Å energieffektivisere vil føre til at ein treng mindre ny utbygging av fornybar energi. Potensialet for å effektivisere energibruken er spesielt stor innanfor industri og byggebransjen. Regionalplanen bør sjå dette i ein større samanheng - innan klimautfordringane brukar ein ofte uttrykket «tenke globalt, handle lokalt».

Lokal verdiskaping oppnår ein ikkje ved å bruke opp lokale ressursar sjølv, men ved å sjå på moglegheitene som ligg i det grønne skiftet, og satse på utvikling som er i tråd med berekraftmåla.

Stadutvikling

Fylkeskommunen skal byrja arbeidet med ny regional plan for senterstruktur, by- og stadutvikling i løpet av 2021. I dette arbeidet vil noverande senterstruktur verta vurdert i ein ny kontekst, politisk og planmessig, i høve til regional utviklingsplan for Vestland 2020 - 2024.

Berekraftig og nyskapande stadutvikling er komplekst, samansett og omfattar mellom anna alle fire emna presentert i planen til regionrådet. Lokalsamfunna er berebjelken i stad- og næringsutviklinga, og naturen er fundamentet i berekraftsarbeidet. Vi arbeider med natur, lokalt klima og miljø som premiss og ramme for sosial berekraft, og som grunnlag for lokal og regional økonomisk berekraft.

Natur og kultur er fundamentet for identiteten i stadane våre. I nyskapande og berekraftig stadutvikling gjeld det å ta vare på felles natur- og kulturverdiar, gjennom ombruk og fornying, innovativ og heilskapleg utvikling og transformasjon. I tillegg til natur kan både arkitektur og landskapsarkitektur forsterke eller svekke det attraktive og stadlege, lokal og regional tiltrekkingskraft, differensierte uttrykk og mangfald.

Lokal og regional utvikling handlar soleis om å utvikle lokalsamfunna, utvikla særpreg og identitet på stadlege føresetnadar. Berekraftig, nyskapande og heilskapleg stadutvikling krev både vidsyn, omsyn til natur, og langsiktig planlegging.

Mobilitet og kollektivtransport

Ei av utfordringane i regionen er folketalsutviklinga. Det er nedgang i folketallet i nokre av kommunane, og ein tendens til at nettoinnflyttinga er blitt meir sentraliserande. Attraktivitet er difor eit viktig tema i planen, og målet er å gjere Sogn attraktivt for innbyggjarar, næringsliv og besøkande. Samferdsel er trekt fram og vi vil i den samanheng trekke fram kollektiv, sykkel og gange. Dette er berekraftige reisealternativ som kan bidra til å gjere eksisterande sentrumsområde meir attraktive. Det er ressurskrevjande å etablere trygge og effektive løysingar for mjuke trafikantar og dei kollektivreisande når busettingsmønsteret er spreidd. Manglande sykkel- og gangtrasear og kollektivtilbod gjer reisene meir bilbaserte. Dette er ikkje i tråd med nasjonale og regionale retningslinjer om å fremje dei berekraftige reisealternativa for å redusere utslepp frå transportsektoren. For mange er tilrettelegging av trygge gang- sykkeltilbod til mellom anna skule og arbeidsplass viktig, og kan påverke val av bustad. Tilbod for mjuke trafikantar er difor eit sentralt tema i utviklinga av attraktive tettstader i distriktskommunar. Ved å redusere bilbruk i sentrumsområde kan det og frigjerast parkeringsareal til ulike aktivitetar og sosiale møtearenaer. Dette kan bidra til eit godt omdøme, auka attraktivitet og utvikling av eit område.

Kultur, idrett og inkludering

Vestland fylke har to gjeldande regionale planar på kulturfeltet. Satsingane innanfor deltaking og oppleving, kultur for alle, mangfald og integrering, idrett og friluftsliv, kulturell verdiskaping, arrangement, gode lokalsamfunn, frivilligheit, kulturminne som grunnlag for læring og oppleving, immaterielle kulturarv, berekraftig kulturell infrastruktur, møteplassar og arenabygging er alle viktig for å gjera Sogn attraktiv for innbyggjarar, næringsliv og besøkande.

Attraktiv buregion har fokus på integrering og inkludering, profilering og rekruttering og stadutvikling. Prosjektet Sogn for alle innfor integrering og inkludering er positivt, og er støtta av Vestland fylkeskommune. Stadutvikling bør handle om meir enn tilrettelegging og fysisk utforming av stader. Her er det viktig med fokus på sosial berekraft, og sosial utjamning. Satsingar innan kultur og idrett, i brei forstand, og frivilligheit er med på skape innhald, samhald og aktivitetar for å nå mål om å skape gode levande lokalsamfunn der folk vil bu.

Når det gjeld næringsutvikling viser vi til at samspel mellom kultur næringer, kulturarv, reiseliv, landbruk, arrangement, aktivitet, kompetansmiljø og teknologi har eit stort utviklingspotensiale. Å utvikle kompetanse og møteplassar på tvers av desse sektorane i regionen har potensialet for å få fram innovative løysingar og produkt.

Vi oppmuntrar regionen til å satse på det breie kulturfelt i samband med utviklinga av regionen. Arbeidet med Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023-2035 er starta opp, og vi ser fram til eit godt samarbeid på det breie kulturfeltet med Sogn region.

Næring og innovasjon

Det er arbeida godt med analyse og kunnskapsgrunnlag som utgangspunkt for arbeidet med planen (Telemarksforsking sin regionale analyse for Sogn med fokus på attraktivitet, scenario og næringslivsindeks).

Vi merker oss at det vert fokusert på å arbeida med utvikling i eit heilskapleg perspektiv. Som det går fram i planen: «*Telemarksforsking framhevar at attraktivitet blir skapt gjennom endringar. Stader som ønskjer å vera attraktive må ha ein kontinuerleg prosess der ein stadig endrar, forbetrar og skaper nye stadkvaliteta*» (side 8).

Regionrådet har fokus på utviklingsarbeid og samskaping, og at attraktivitet blir skapt ved at det offentlege, næringslivet, frivillige og befolkning jobbar saman. Sogn regionråd er vidare gode på å sjå bustadattraktivitet og næringsattraktivitet i samanheng. «Innovative og inkluderande samfunn» er eitt av satsingsområda til regional plan for innovasjon og næringsutvikling som no er på høyring, og regionrådet jobbar godt innafør dette temaet. «Sogn for alle» er eit førebiletleg prosjekt på korleis ein kan jobba med mangfald som ressurs i utviklingsarbeid, og systematisk jobba med å sjå ulike element i samanheng med kvarandre.

Næringsutvikling er ein av fire satsingsområde, og det er positivt. Planframlegget tyder på ein offensiv og utviklingsorientert tilnærming. Det vert løfta fram styrkjer i regionen, som høg næringsattraktivitet, og sett fokus på mogelegheitsrommet innan grøn næringsutvikling, t.d. fornybar energi der Sogn har eit rikt ressursgrunnlag. I tillegg er reiseliv framheva som satsingsområde i planen og det er positivt. Vi viser til at opplevingsturisme er ein sentral trend innan reiseliv, og det fordrar berekraftig reiselivsutvikling og besøksforvaltning.

Alt dette er i tråd med regionale føringar, med utgangspunkt i [regional plan for innovasjon og næringsutvikling som no er ute til høyring](#).

Vi oppmodar til å halde fram med det offensive og gode arbeidet i det vidare.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Saka har ikkje konsekvensar for inntekter eller kostnader i fylkeskommunen.

Klima: Planen har satsing på grøn omstilling av næringslivet, lokal bruk av fornybar energi og andre naturressursar. Det er lite fokus på klima, klimarisiko og miljø innafør dei andre satsingsområda, utover at «berekraft» er sett som ein av pilarane som skal bygga opp under satsingsområda.

Folkehelse: Regionalplanen har fleire satsingsområde som kan byggja opp under folkehelsa. Mellom anna innafør temaet attraktive buregionar, og satsing på integrering og inkludering. Vidare kan satsing på kompetanseheving og utvikling av gode stadar vere med på å styrke folkehelsa. Satsing på grøn omstilling innafør eksisterande og nye næringar kan òg gi betre helse og livskvalitet.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024: Utviklingsplanen er ikkje nemnt i regionalplanen. Vi oppmodar om at den vert inkludert, og at tema og satsingsområda i Regionalplanen vert sett i samanheng med mål og strategiar i utviklingsplanen. Sosial og økonomisk dimensjon vert ivaretatt i planen, medan klima og miljø i mindre grad vert fokusert på. Fleire av måla og strategiane i Utviklingsplanen vert støtta av satsingar i regionalplanen. Mål 2 i utviklingsplanen (klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga) er i liten grad støtta av satsingar i regionalplanen.

Vedtakskompetanse